

**Avtala om Det europeiske  
økonomiske samarbeidsområdet**

**EØS-komiteen**

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**

**nr. 60/2000  
av 28. juni 2000**

om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 112/98 av 27. november 1998<sup>(1)</sup>.
- 2) Rådsresolusjon 1999/C 222/01 av 19. juli 1999 om situasjonen med omsyn til seinkingar i luftrafikken i Europa<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg XIII til avtala etter nr. 90 (rådsrekommendasjon 98/376/EF) skal nytt nr. 91 lyde:

- “91. **399 Y 0804(01)**: Rådsresolusjon 1999/C 222/01 av 19. juli 1999 om situasjonen med omsyn til seinkingar i luftrafikken i Europa (TEF C 222 av 4.8.1999, s. 1).”

*Artikkel 2*

Teksta til rådsresolusjon 1999/C 222/01 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskap*, skal verte gyldig.

---

<sup>(1)</sup> TEF L 277 av 28.10.1999, s. 49, og EØS-tillegget til TEF nr. 46 av 28.10.1999, s. 159.

<sup>(2)</sup> TEF C 222 av 4.8.1999, s. 1.

*Artikkel 3*

Denne avgjerdta tek til å gjelde 29. juni 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerdta skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utferda i Brussel, 28. juni 2000.

For EØS-komiteen  
Formann

F. Barbaso

Sekretærar for EØS-komiteen

G. Vik                    E. Gerner

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.